

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 12.09.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Guri Bugge, Thorleif Gjernes, Jon-Harald Huus, Veslemøy Mjelde, Ingrid Stranden Haavik og Kaia Gulbrandsen

Forfall:

Referent: Kaia

Sak 2023/61: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2023/62: Godkjenning av referat frå styremøte 15.08.2023. Godkjent

Sak 2023/63: Eigedomar:

- Asfaltering av plassen ved kulturhuset: status etter søknad om tilskot frå kommunen og møte med ordførar og varaordførar 23. august. Purring på søknaden vart sendt kommunen 04.09. Me har fått brev frå kommunen om at dei vil koste inntil kr. 200.000,- av tiltaket. Saman med tilsegn om kr 200.000,- frå Hardangerstiftinga er asfalteringa fullfinansiert. *Tusen takk for begge bidrag!* HB kontaktar tilbydar og tingar asfaltering. Me ynskjer å få jobben gjort så raskt som mogleg i haust.
- Bonemaskin til kulturhuset. Sigmund har innhenta tilbod frå Nowas både på oppskuring og bonemaskin og sjekkar Finn.no for ev. brukt utstyr. Han har løyve til å handla dei maskinene han finn høveleg for vår bruk.
- Deler av Eswa takvarmeanlegg i gymsalen er defekt. Sigmund har innhenta tilbod både på varmepumpe og nytt takvarmeanlegg. Er anbefalt 8.2 kw varmepumpe i gymsalen etter synfaring med Kvam Elektro. Kostnad ca 50.000,-. Viktig å ha varme på plass før vinteren. Vedtak: varmepumpe vert tinga og montert snarast.
- Nye led ljøsarmatur i gymsalen? Sigmund innhentar tilbod. Me samlar dei naudsynte oppgraderingane i ein søknad om støtte til enøk/oppgradering av gymsalen.
- Utleige kulturhuset, vurdere utleigeprisar/oppsett. Kasserer lager forslag til prisar gjeldande frå nyttår og legg frem for styret.

Sak 2023/64: Tilstellingar:

- Haustmarknad ved butikken 16. september 10-14. Rundt 10 utstillarar/seljarar. Bygdelaget sel fersk laks i heile fileter sponsa av Mowi. Velkommen
- Oppsummeringsmøte etter turistsesongen 24. oktober kl. 19.00. Skrivar vil sende ut innkalling og henge opp plakat i månadsskiftet. Velkommen!

Sak 2023/65: Økonomi:

- Plan for tilbakebetaling av lån til Herand Omsorgsbustader. Utsett til neste møte.
- Status: Straumstøtte på 1107,- for april-juni motteke. Kasserar sender en epost til Hardangerstiftinga med spørsmål om å få omdisponere restsum kr. 43.000,- av tidlegare tildelte midlar til kulturhuset til ny varmepumpe i gymsal. Da kan denne komme på plass snarast.

Sak 2023/66: Elbil ladestasjon:

Status: Guri har vore i kontakt med ulike ladeoperatører og venter tilbakemeldingar. Har og vore i kontakt med kommunen og fylket om mogleg finansieringsstøtte. Saka følgast opp.

Sak 2023/67: Andre saker/eventuelt:

- Me har fått melding om nedfall av trær over kulturstien nedanfor Vassel heldrene. Her må kyndige folk med motorsag på plass for å rydda opp.
- Haustdugnad; laurdag 30.09 kl. 10.00. Inn med benker/blomepotter/utstillingsbåt, rydding av trær i kulturstien, div. rydding.

Neste styremøte tysdag 17.10.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus.